



Det kongelige klima- og miljødepartement

ArkivsakID: 23/306    JournalID: 23/1523    Arkivkode: K2-K00, K3-&13    Dykkar.ref    Dato: 11.05.2023

## Innspill til Nasjonal handlingsplan for naturmangfold - Melding om politisk vedtak

Formannskap sak 024/23:  
Det er gjort følgjande vedtak i saka:

*Solund formannskap gjev følgjande uttale:  
Tema og verkemiddel i nasjonal oppfølging.*

- 1. Dersom ein skal nå måla i Naturavtalen er nasjonale mynde avhengig av at kommunar og lokalsamfunn også «eig» målsetjingane og at ein har ei felles forståing for oppfølging.  
Det er avgjerande at nasjonale mynde legg til rette for god kunnskapsdeling og er samordna i møte med kommunane og om tiltaka som skal gjerast.  
Fleire naturtypar er avhengig av t.d. beiting og god skjøtsel. Difor må ein vurdere fleire tiltak enn vern for å sikre desse.  
Ein må stimulere til tiltak som gjer at lokalsamfunn tek ansvar og at ein sikrar ei berekraftig forvaltning, Gode døme på dette er friluftsråda og regional- og geoparkar der ein involverer lokalsamfunn og grunneigarar. Likeeins må ein legge til rette for aktiv landbruksdrift også i kystområde, slik at landskap og beiteområde vert halde i hevd.  
Dette vil også sikre busetnad og eigarskap til lokalsamfunn og miljø.*
- 2. Som kommune vil ein vere ansvarleg for heilskapleg arealplanlegging. Det er her avgjerande at også dei statlege mynde er samordna og at ein i samarbeid med kommunane kjem fram til gode tiltak. Kommunane vil også bidra gjennom gode lokale klima- og miljøplanar og naturmangfaldsplanar.  
Staten kan bidra med gode verktøy for kartlegging av naturtypar, slik at kommunane i større grad kan gjere eit arbeid med dette sjølv. På den måten vil ein også kunne sikre ein tettare dialog med grunneigarar.*

Med helsing

Anne Kristine Dyrdal  
Sakshandsamar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

**Vedlegg:**

Innspeil til nasjonal oppfølging av det nye globale rammeverket for naturmangfald



## Saksframlegg

**Arkiv:** K2-K00, K3-&13  
**ArkivsakID:** 23/306  
**JournalpostID:** 23/1323  
**Sakshandsamar:** Anne Kristine Dyrdal  
**Dato:** 25.04.2023

## Innspel til nasjonal oppfølging av det nye globale rammeverket for naturmangfold

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund formannskap gjev følgjande uttale:

1. Kva meiner de er dei viktigaste temaa og verkemidla Norge bør legg vekt på i vår nasjonale oppfølging av dei nye globale måla i naturavtalen?

- Finansiere og ta ansvar for kartlegging av naturtypar over heile landet og auke farten på dette arbeidet monaleg. Dette arbeidet kan ikkje vere avhengig av kor det er aktuelt med utbyggingar, fordi influensområdet til menneskeleg aktivitet kan vere stort.
- Styrke og sikre naturtyper og forvaltning som fremjer naturmangfold.
- Sikre kompetanseheving på temaet hos forvaltning og politisk nivå, til dømes gjennom webinar for ei stor breidde av yrkesgrupper i forvaltninga, oppvekstsektoren og i folkevaltopplæringa.
- Iverksette vern i samråd med lokalsamfunna med tilhøyrande finansiering, incentiv- og tilskotsordningar og skjøtselsplanar. Dette må vere tiltak som legg til rette for lokal sysselsetting og verdiskaping.
- Lage differensierte retningslinjer som er lett omsettelege til kommunalt nivå. Det må sikrast at det framleis er rom for livskraftige samfunn også når naturtypar skal sikrast.
- Sikre kompetanseheving hos utbyggjarar/ ansvarlege søkjarar både knytt til naturverdi, tiltak for ivaretaking og restaurering av natur.
- Lage verdsettingssystem for naturtypar og økosystemtenester, som skal nyttast i samband med utbygging av nye område.
- Styre utviklinga med incentiv som bidrar til ivaretaking av naturtypar.

2. Kva er det viktigaste din organisasjon eller verksemd kan bidra med for at verden skal nå dei nye globale måla i naturavtalen?

- Styrke og sikre naturtyper med høyt artsmangfold, til dømes ved å legge omsynssoner på område i arealplanar, ha føresegner som tek i vare verdifulle naturområde og stimulere til fortetting.
- Oppmode Statsforvaltaren om å kartlegge aktuelle område som kan ha høg verdi.
- Stimulere til fjerning av framande artar, ved å søkje om tilskot og heve den lokale kompetansen.
- Sette i gang/ bidra til å sette i gang vern av verdifulle område.

- Gjere det ein kan for å stoppe klimaendringane.
- Framleis stø opp om og legge til rette for arbeidet til Fjordane friluftsråd.

3. Kva meiner de om Norge sine mogelegheiter til å bidra til å oppnå dei globale måla? Har vi betre eller dårlegere føresetnader på nokon område?

- Økonomisk bør Norge ha betre førsetnader enn ein del andre land til å bidra til oppfylging av avtalen.
- Noreg har spesielt gode føresetnader for å bidra til vern av 30 % av verdas hav.
- Norge har stort potensiale til å bidra i reduksjon av matsvinn.

### **Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:**

FN-sambandet: FNs naturavtale: <https://www.fn.no/om-fn/avtaler/miljoe-og-klima/fns-naturavtale>

### **Kva saka gjeld:**

Klima- og miljødepartementet inviterer til innspel og innspelsmøte om nasjonal oppfølging av det nye globale Kunming-Montreal rammeverket for naturmangfold (naturavtalen).

### **Saksutgreiing:**

#### Bakgrunn:

I 2019 kom FN sitt naturpanel (IPBES) ut med sin første globale rapport. Denne rapporten slo fast at øydelegging av natur, og tap av dyr- og plantearter går raskare enn nokon gong. Dei slo fast at dei fem største truslane mot naturmangfoldet er påført av oss mennesker, og dette kan ein avtale vere med å reparere og reversere.

Dei fem største truslane er:

- Bruk av areal og arealendring
- Overhausting
- Klimaendringar
- Ureining
- Framande artar

I desember 2022 samla verda land seg om eit nytt globalt rammeverk for natur (omtalt som «naturavtalen»). Den nye naturavtalen er eit viktig verktøy for å stoppe og reversere tapet av natur globalt. Alle land må bidra for at vi skal kunne nå måla vi har sett oss. Avtalen legg opp til at kvart enkelt land skal oppdatere eller lage nye nasjonale handlingsplanar i lys av naturavtalen. Norge sin handlingsplan vil bli lagt fram i form av ei stortingsmelding neste år.

For å strukturere diskusjonen og få innspel til dette stadiet i prosessen med nasjonal handlingsplan for natur, ber KMD om at innspell tek utgangspunkt i følgjande spørsmål:

1. Kva meiner de er dei viktigaste temaa og verkemidla Norge bør legge vekt på i vår nasjonale oppfølging av dei nye globale måla i naturavtalen?
2. Kva er det viktigaste din organisasjon eller verksemd kan bidra med for at verden skal nå dei nye globale måla i naturavtalen?
3. Kva meiner de om Norge sine mogelegheiter til å bidra til å oppnå dei globale måla? Har vi betre eller dårlegere føresetnader på nokon område?

#### Om naturavtalen:

Hovudtrekka i avtalen er:

- **30-prosentsmålet:** Verne 30 prosent av all natur på land, og 30 % av verdas hav, innsjøar og elvar innan 2030.
- **Restaurering:** 30 prosent av all natur som er delvis øydelagt skal vere restaurert innan 2030.
- **Representasjon:** Naturvern skal vere representativt. Det betyr at eit land ikkje kan oppfylle sine forpliktelsar ved å verne ein eller to naturtypar.
- **Finansiering:** Det skal opprettast eit eige fond der rikere land skal bidra for å dekke kostnadane av vern i mindre rike land som særleg slit med mangfoldstap.
- **Naturskadelege subsidier:** Land må kartlegge kor store naturskadelege subsidier dei bruker innan 2025.
- **Genbank:** Ein naturdatabank skal opprettast, der alle får tilgang til kunnskap om genetisk informasjon som finnast i naturen.
- **Matsvinn:** Ein skal kutte globalt matsvinn i to, og redusere overforbruk og avfallsgenerering betydeleg.
- **Gjennomføring:** Avtalen sett på plass ei [plattform for oppfølging](#), der landa jamnlegg må melde korleis dei klarar seg i arbeidet mot ei rekke viktige indikatorar knytta til fremgang mot måla og delmåla.

### Vurdering:

Kommunedirektøren vurderer det som viktig at Solund involverer seg i arbeidet for å sikre at oppfølginga av naturavtalen også er tilpassa mindre distriktkommunar som Solund og at det vert gjeve livsvilkår også i område med høg naturverdi.